



Sjå opp for sleipe seljarar

Det er lett å bli lurt til å gå inn i dårlege straumavtalar.
Slik avslører du dei kreative salsmetodane til seljaren. Sjå side 4–5



Strengt
krav til
strømmålarar **2**

Store
investeringar
i straumnett **6**

Fleire
skaffar seg
fibernett **7**

Kjære lesar

I VÅRUTGÅVA AV Vår Energi kan du lese om uredelege straumseljarar og kva salstriks du bør passe deg for. Du kan også lese om lokale straumselskap som medverkar til levande og konkurransedyktige lokalsamfunn ved å bygge fibernett.

I åra framover skal dessutan nettselskapa investere store summar i straumnettet. Det vil gi auka nettlege, men også eit nett som er godt rusta for utfordringane i framtida. På regionsida finn du detaljert informasjon om utviklinga i området ditt.

Du finn råd om korleis du kan få betalt for å utføre energiltak, og kva du har lov til å utføre av elektrisk arbeid heime. Les også om korleis du kan unngå brann i komfyren.

Premiekryssordet er også med denne gongen. Det same er premiekonkurransen.

God lesing!

Fredrik Kveen

Ansvarleg redaktør

Vår Energi har som formål å gi deg informasjon om kraftmarknaden og kva du kan gjere for å påverke straumrekninga. Magasinet inneheld blant anna råd og tips om straumsparing og branntryggleik, og vi håper at innhaldet kan gi betre forståing for korleis kraftmarknaden fungerer.

Strengt krav til straummålarar



Dei nye straummålarane er underlagd sett strengt krav til både datatryggleik og personvern.

INNAN UTGANGEN AV 2018 skal alle i Noreg ha fått automatisk straummålar. Målarane gir ei rekke fordelar:

- 1 Du får betre oversikt over forbruket.
- 2 Straumbrott blir varsla automatisk, slik at nettselskapa kan rette feilen raskare.
- 3 Målarane har tilleggstenester som gjer det enklare å styre straumforbruket meir effektivt. Til dømes vil du i framtida få

oversikt over kva tidspunkt det er billigast å lade elbilen eller bruke andre straumkrevjande apparat.

Tar omsyn til personvern. Den nye målarer registrerer forbruket time for time og sender automatisk verdiane til nettselskapet, fortel seksjonssjef Guro Grøtterud i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

«Informasjonen blir send kryptert til nettselskapet og gir ingen opplysningar om kva slags apparat eller teknologi straumen er brukt til.»

GURO GRØTTERUD, NVE



Dei nye målarane registrerer forbruket time for time og sender automatisk verdiane til nettselskapet.

– Du kan vere trygg på at denne informasjonen ikkje blir misbrukt. Nettselskap og kraftleverandør må følgje dei reglane som gjeld for personopplysningar, seier ho.

Straukundane eig alle data sjølve. Det er berre nettselskapet og kraftleverandøren som har tilgang til denne informasjonen. Andre aktørar må ha løyve frå kunden dersom dei ønskjer målarverdiane.

– Informasjonen blir send kryptert til nettselskapet og gir ingen opplysningar om kva slags apparat eller teknologi straumen er brukt til, seier Grøtterud.

Ho meiner det heller ikkje er nokon grunn til å uroe seg for strålefare.

– Nettselskapa bruker ulike teknologi, men apparata gir generelt frå seg mindre stråling enn ein mobiltelefon.

Gir korrekt informasjon. Dei nye målarane er godkjende av Justervesenet.

– Vi har høyrte om døme på at dei gamle målarane har registrert lågare forbruk enn det som faktisk er brukt. Men dei nye målarane er godkjende av Justervesenet og skal vise korrekt forbruk, seier Grøtterud.

Dersom du er følsam for el, eller kjenner deg overvaka av dei nye målarane, kan du søkje om fritak ved å leggje fram attest frå lege eller psykolog. På www.nymåtar.no kan du lese meir om dei nye målarane og sjå kor langt dei ulike nettselskapa har komme med monteringsarbeidet.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: LYSE (T.V.) OG AIDON



Sjå opp for uredelege straumseljarar

Sunn konkurranse er bra, men sjå opp for lokketilbod og uredelege salsmetodar.


– **DET ER BRA** med tøff konkurranse, men det er nokre selskap som er uredelege og går utanfor regelverket, seier dagleg leiar Knut Lockert i Distriktenes energiforening (Defo). Han ber kundane passe på.

– I nokre tilfelle har telefonseljarar ringt og sagt at dei har ein avtale med det lokale straumselskapet. Seljarane veit at folk stoler på det lokale selskapet dei bruker. Men det er ikkje snakk om eit samarbeid, seier han.

Ikkje noko «samarbeid». Det dreiar seg om at kunden kan få utgiftene for straum og nettleige samla på éin faktura, såkalla gjennomfakturering.

– Men pengane ein betaler for straum, vil gå til selskapet som ringjer, og ikkje til det lokale selskapet kunden allereie bruker, seier Lockert.

Han får støtte frå juridisk rådgivar Frode Elton Haug i Forbrukarombodet.



«Samanlikninga til seljaren vil ikkje utan vidare reflektere utgiftene over tid. Ein må helst ha inngåande kunnskap om krafthandel og kraftmarknad for å forstå kva seljaren eigentleg tilbyr.»

PER SIGURD HEGERLAND,
Hardanger Energi

Desse triksa bruker seljarane

– Vi har fått ein del reaksjonar på at straumkundar blir oppringde av selskap som gir uttrykk for at dei samarbeider med selskapet kunden allereie har. Det er villeiande marknadsføring å beskrive dette som ei form for «samarbeid», seier Elton Haug.

Skal varsle om prisendring. Han oppmodar straumkundar om å vere klar over kva rettar dei har.

– Kunden skal bli varsla om endringar via SMS eller epost. Det er ikkje godt nok berre å kunngjere prisane på nettsidene, seier han.

Selskapa er pålagde å varsle kundane om endringar i samsvar med marknadsføringslova.

Kundane bør også vere observante på at avtalar kan ha bindingstid.

– Ved mange sal blir det gitt for dårleg informasjon om vilkåra, som til dømes mangelfulle opplysningar om bindingstid og oppseiingsgebyr, seier Frode Elton Haug.

Det er alltid 14 dagars angrerett ved kjøp av straum.

– Det er berre å gi beskjed innan 14 dagar dersom ein likevel ikkje ønskjer abonnementet, avsluttar Haug.

Straummarknaden er teknisk og komplisert. Det er lett å bli lurt til å gå inn i dårlege avtalar.

STRAUMSALSSELSKAPA PRØVER OFTE å få avtalar til å verke betre enn dei er. Her er tre vanlege triks:

1 Stigande variabel pris: Prisen er låg i starten, men stig etter kvart. I mellomtida lanserer selskapet nye variabelavtalar med lågare pris. Dersom du ikkje følgjer med og byter avtale, endar du opp med å betale mykje meir enn nødvendig. Selskapa er pålagde å varsle om prisendringar via SMS eller epost, men det er fleire døme på at dette ikkje er gjort.

2 Gunstig tidsavgrensa avtale: Låg pris, eller gratis straum, dei første månadene. Men etter dette aukar prisane, slik at det i realiteten er ein dyr avtale. Ofte er det bindingstid og oppseiingsgebyr.

3 Prisgaranti: Ved å betale nokre øre ekstra per kilowatttime kan ein få garanti for at straumprisen ikkje kjem over eit bestemt nivå i ein viss tidsperiode. Dette er svært sjeldan lønnsamt for kunden.

Kreative salsmetodar. Marknadssjef Per Sigurd Hegerland i Hardanger Energi meiner at mange telefonseljarar presenterer produkt dei ikkje heilt forstår sjølve.

– Dei er instruerte til å fremje faste salsargument og uttrykk for å få til eit sal. Dei kreative salsmetodane er dårleg kundebehandling, seier han.

Seljarar kan komme med urimelege pris-samanlikningar mellom ulike avtalar.

– Samanlikninga til seljaren vil ikkje utan vidare reflektere utgiftene over tid. Ein må helst ha inngåande kunnskap om krafthandel og kraftmarknad for å forstå kva seljaren eigentleg tilbyr, seier han.

Dårlege vilkår. Målet til seljaren er å forsøke å gi inntrykk av at du har dårlege vilkår hos selskapet ditt, åtvarer Hegerland.

Til dømes hevdar mange at dei kan sjå den avtalen du har no. Men det stemmer ikkje, avtalen mellom deg og straumleverandøren din er konfidensiell.

Hegerland meiner det er vanskeleg for vanlege straumkundar å setje seg inn i avtalen som skal seljast.

– Det er ikkje uvanleg at kundar som sjekkar opp den nye avtalen, ser at dei ikkje har oppnådd det som vart lova, seier han.

TEKST: EIRIK OMVIK

ILLUSTRASJON: RYTIS DAUKANTAS

TEKST: EIRIK OMVIK

ILLUSTRASJON: RYTIS DAUKANTAS

Dei viktigaste drivarane for...




- Tilknytning av ny fornybar kraftproduksjon

10 %



- Tilrettelegging for foretting og urbanisering
- Auka forbruk
- Ny industri

36 %




54 %

- Utrulling av smarte målarar
- Vedlikehald av eksisterande nett
- Styrka forsyningstryggleik

...investeringar dei neste 10 åra

Investeringar i MNOK



KJELDE: ENERGI NORGE

Nettleiga vil auke

Statnett og nettselskapa skal investere 140 milliardar i straum-nettet fram mot 2025. Nettleiga skal finansiere utgiftene.

AUKA STRAUMFORBRUK, meir ekstremvær og ny fornybar kraftproduksjon set større krav til straumnettet enn før. I tillegg er store delar av nettet gammalt og må skiftast ut.

– Det ligg til rette for store investeringar i regionalnettet i Rogaland, Nordland og Hordaland. I Oslo og Akershus blir det store investeringar i distribusjonsnettet, i hovudsak av Hafslund, seier Einar Westre, direktør for nett og marknad i Energi Norge.

Det er nettet som vart bygd i perioden 1930–1970 som i åra framover må skiftast ut på grunn av elde.

Kan auke med 17 prosent. Kor mykje nettleiga aukar, vil blant anna vere avhengig av kvar du bur i landet, og utviklinga av straumnettet.

– Dersom straumforbruket held seg flatt, vil nettleiga auke mykje. Aukar derimot

straumforbruket, vil nettleiga framleis auke, men noko mindre, seier Westre.

Energi Norge forventar at samla nettleige på landsbasis vil auke med sju prosent fram mot 2020. Dersom forbruket ikkje aukar, reknar dei med at nettleiga vil auke med 17 prosent. Men det er store regionale og lokale skilnader.

Eit vesentleg spørsmål er kor mykje som må investerast i det sentrale nettet kontra det lokale.

– Dersom mange hushald tek til å produsere straum sjølve med solcellepanel og leverer overskottsstraum ut på nettet, som plusskunde, vil det også auke presset på korleis det lokale systemet utviklar seg, seier Westre.

TEKST: EIRIK OMVIK

«Dersom mange hushald tek til å produsere straum sjølve med solcellepanel og leverer overskottsstraum ut på nettet, som plusskunde, vil det også auke presset på korleis det lokale systemet utviklar seg.»

EINAR WESTRE, Energi Norge

SLIK BLIR NETTLEIGA FASTSETT

Meir enn halvparten av nettleiga er avgifter som går til staten.


DET ER IKKJE SAMFUNNSØKONOMISK lønnsamt å byggje fleire sett med straumleidingar. Derfor har styresmaktene avgjort at nettselskapa skal ha monopol i sine forsyningsområde.

Det er Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) som regulerer kor mykje du må betale i nettleige. Meir enn halvparten av nettleiga er no avgifter som går til staten. Det er såleis ikkje det lokale nettselskapet ditt som bestemmer kva du skal betale i leige.

Nettleiga er samansett av eit fastledd og eit energiledd. Fastleddet er ein fast årleg sum, medan energileddet blir rekna ut frå straumforbruket.

Leiga finansierer vedlikehald, reparasjonar og utbygging av straumnettet. I tillegg har selskapa lov til å få det som NVE reknar som ei «rimeleg» avkastning på investert kapital.

TEKST: EIRIK OMVIK



Totalt er det no 735 000 abonnentar for fibernett. Auken det siste året var på 112 000.

Rekordmange skaffar seg fibernett

Aldri før har fleire bedrifter og hushald skaffa seg breiband over fiber. Det ville ikkje ha vore mogleg utan dei lokale everka.

TALET PÅ ABONNEMENT for fibernett i Noreg har auka med 112 000 på eitt år. Det er ny rekord. Totalt finst det no 735 000 slike abonnement, viser ei oversikt frå Nasjonal kommunikasjonsstyresmakt for 2016.

– Det har vore ein eksplosiv auke i fiberbygging dei siste åra. Det skuldast i stor grad energiselskapa, som eg kallar dei lokale heltane, seier Morten Braarud, leiar av breibandutvalet i Distriktenes energiforening (Defo).

Han har inntrykk av at fiberbygging ofte handlar om at eigarane av everka ønskjer å ta samfunnsansvar, særleg gjeld dette for selskap utanfor byane.

– Dei fleste eigarane er offentlege, anten det er kommunar eller fylkeskommunar. Det gir ein todelt vinst: Pengane går tilbake til lokalsamfunnet. I tillegg vil investeringa i fibernettet gjere kommunane meir attraktive for bedrifter og innbyggjarar, seier Braarud.

Viktig for lokalsamfunnet. Trond Lauritsen, administrerande direktør i Sykkylven Energi, er ikkje overraska over auken i talet på abonnentar.

– Før måtte vi reise rundt og fortelje folk kvifor fibernett er suverent samanlikna med alle andre teknologiar for kommunikasjon. No kjem kundane til oss, seier han.

Stabilt og raskt fibernett er heilt sentralt for å få barnefamiliar og bedrifter til å etablere seg, meiner Lauritsen.

– Sykkylven hadde hamna i bakevja samanlikna med andre kommunar dersom vi ikkje hadde teke risikoen med å investere i fibernettet.

Sykkylven Energi har bygd fiber til dei aller fleste bedriftene i kommunen. Om lag 70 prosent av hushaldningane har samme tilbodet.

Langsiktig perspektiv. Braarud i Defo meiner det er viktig at lokale everk satsar på fiber.

– Det er uheldig dersom store selskap utan lokal forankring tek over fibermarknaden. Desse stiller heilt andre krav til lønnsemd, og ser ikkje nytten av å byggje i område der det bur få menneske.

Lønnsemd er likevel også viktig for dei lokale selskapa, understrekar Braarud.

– Selskapa er avhengig av å tene pengar på lang sikt. Det gjer dei også. Dei kan tene pengar i 20–25 år for kvar meter med fiber dei byggjer ut.

Lokalt eigarskap gjer at everka har eit langsiktig perspektiv og kan ta store investeringar som ikkje er lønnsame på kort sikt.

– Vi i Sykkylven Energi har ein fordel ved at vi også driv med straumforsyning, vatn og avløp. Ved å kjøpe plass for rør og fiber i alle opne grøfter driv vi kostnadseffektivt.

– Dette gjer det enklare å realisere fiberløyisingar utanfor tettbygde område, meiner Lauritsen.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: SHUTTERSTOCK.COM



Den nye lampen har eit nytt dansk design med integrerte solceller.

Miljøvennleg hagelys

Det går mot sommar og lange kveldar. Tida er kommen for utplanting, beising av hagemøblar og tremmedekke, grilling og utekos.

MEN KVA MED utelyset? Tidlegare har det kanskje vore eit mas å trekkje ledning fram til lampepunktet. No har danskane løyst dette på miljøvennleg vis ved å bruke solceller.

Sunlight Bell-lampen på biletet har eit nytt dansk design med integrerte og skjule solceller.

Ei opplading i åtte timar i full sol gir lys i inntil 20 timar. I tillegg til brytar har lampen ein skumringssensor som kan stillast inn

slik at lampen lyser automatisk når det mørknar.

Lampen kan brukast ståande på hagebordet, eller du kan hengje den opp. Den har ein diameter på 13,9 cm og er 19,9 cm høg.


Lampen blir marknadsført av Eva Solo (evasolo.com).

TEKST: OLA N. NEDRELID
FOTO: EVA SOLO





Slik fungerer dei smarte lyspærene



Du kan late som om du er heime sjølv om du eigentleg er på andre sida av kloden.

Ta full kontroll over lyssetjinga heime med mobilen.

No kan du vakne til lys som gradvis slår seg på om morgonen, og få beskjed av eit blinkande lys når du får ein viktig epost. Alt ved hjelp av smarte lyspærer og ein app på mobil eller nettbrett.

Det finst fleire produsentar og variantar. Nokon av Hue-lyspærene til Philips har ein kapasitet på 16 millionar fargar, slik at du kan etterlikne fargespekteret når sola står opp eller går ned. Dimmefunksjonen

gjer det mogleg å velje mellom varmt sollys og kjøleg dagslys. Du kan lage egne lyssetjingar, til dømes «romantisk middag», eller la lysa følgje rytmene til favorittsongen din.

Dei smarte lyspærene som du kan kjøpe i butikkane i Noreg, og som blir presenterte her, blir styrte ved hjelp av ei koplingsbru. Du koplar denne til ruterer i heimenettet ditt og styrer lysa via internett. Det gjer det

mogleg å skru på lysa og late som om du er heime, sjølv om du eigentleg er på andre sida av kloden.

Du kan også kjøpe pærer frå utlandet på internett. Då bør du kontrollere at storleiken på sokkelen passar i det norske systemet. Nokre av desse bruker blåtann, slik at du kan bruke dei på stader der du ikkje har internettilgang, som til dømes på hytta.

TEKST: EIRIK OMVIK
FOTO: PHILIPS

Lyspæreguide

Den klassiske glødepæra er bannlyst og forboden. Her er ei oversikt over dei nye pærene.

LED-pære

- Levetid på 20 000 timar – om lag 20 år.
- Bruker opptil 80 prosent mindre energi enn tradisjonelle glødepærer.
- Gir jamt lys med same farge som glødepærene.
- Lyser straks med full effekt.
- Fungerer like godt ute som inne.
- Mange kan dimmast.



Sparepære

- Levetid på 10 000 timar – om lag 10 år.
- Bruker opptil 80 prosent mindre energi enn tradisjonelle glødepærer.
- Det går opp mot eitt minutt før pæra lyser med full effekt.
- Pæra gir mindre lys dersom det er kaldt. Dei passar derfor best til bruk innandørs.
- Gir jamt lys, men noko dårlegare fargeattgiving enn glødepærene. Passar til generell lyssetjing eller til å skape stemning.
- Somme pærer kan dimmast.



Halogenpære

- Levetid på 2000 timar – om lag 2 år.
- Lågvolt halogenpære er mykje meir effektiv enn glødepærer. Denne pæra må du ha i ein transformator som du kan få kjøpt i butikken.
- Passar til å lyse opp eit avgrensa område og på stader der fargeattgiving er viktig, som kjøkken, bad og arbeidsrom.
- Lyser straks med full effekt. Lik tradisjonelle glødepærer når det gjeld farge og tone.
- Alle variantar kan dimmast.
- Kan bli svært varme og utgjere ein brannrisiko.



Nettutvikling Austlandet

FOTO: STATNETT



BETRE LEVERINGS- KVALITET I BUSKERUD

I **STORE DELAR** av Buskerud vil det i kommande 10-årsperiode gå føre seg ombygging og rehabilitering av både stasjonar og linjer for å auke overføringskapasiteten og betre leveringskvaliteten.

Dei kommande ti åra vil det også bli gjort investeringar for å betre reserveforsyninga i Hallingdal, på Hurumlandet og i Hemsedal.

Det vil skje strukturendringar og ombygging av regionalnettet i øvre del av Numedal. Tiltaket vil bli gjennomført når det er behov for rehabilitering av vasskraftanlegga i denne regionen.

I Buskerud er det dei siste ti åra bygd 20–25 småkraftanlegg, og NVE behandlar nett no konsesjonsøknader om bygging av fleire nye anlegg. Det er også utført rehabilitering og ombygging av fleire av dei store vasskraftanlegga i Buskerud. Nye prosjekt er sette på vent inntil kraftprisen blir høgare.

2 milliardar i Telemark og Vestfold

DET VIL PÅGÅ kontinuerleg vedlikehald og fornying av regionalnettet i Telemark og Vestfold. Dei neste 20 åra er det planlagt å bruke to milliardar kroner,

Eit nytt innmatingspunkt frå sentralnettet vil betre leveringskapasiteten og leveringstryggleiken. Ein auke i transformator kapasiteten mellom regionalnettet og sentralnettet i Lio vil gi vil gjere det mogleg å knytte til auka kraftproduksjon og betre leveringstryggleik i Vest-Telemark.

Det er mange konsesjonsøknader for småkraft. Somme prosjekt kan føre til etablering av nye transformatorstasjonar, som også vil gi betre leveringstryggleik i områda. Styrking av forsyninga på Frier Vest vil betre forsyningstryggleiken for eksisterande kundar og leggje til rette for ny industri.

Det pågår elles noko aktivitet for å leggje til rette for datasenter.

TEKST: **OLAN N. NEDRELID**

Fleire forsterkingar i Østfold

I **ØSTFOLD BLIR** det fleire forsterkingar, blant anna ei ny 132 kV kraftlinje frå Sarpsborg (Hasle) til Råde og Rygge. Tiltaket vil styrke forsyninga til Moss-området og Fredrikstad.

Det er planlagt å investere 300-400 millio-
nær kroner i året i regionalnettet i Oslo-
området, det vil seie 7-8 milliardar dei neste
20 åra.



FOTO: DSB

Unngå brann med komfyrvakt

Komfyrvakt er påbode i alle nye bustader og fritidsbustader. Det same påbodet gjeld dersom du pussar opp og legg opp ny kurs til kjøkkenet.

Komfyrbrannar var årsaka til nesten halvparten av utrykkingane til brannstellet i fjor. Dersom du installerer komfyrvakt, kan du unngå at heimen din går opp i røyk.

KOMFYREN UTGJER DEN største brannfaren i heimen din. Årsaka til 43 prosent av utrykkingane i 2016 var komfyrbrannar i private heimar. Det viser statistikk frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB).

– Dei fleste har nok ei historie om då det heldt på å gå skikkeleg gale på kjøkkenet: den gongen det ringde på døra, eller då babyen begynte å skrike på soverommet. At ein er ukonsentrert, er alt som skal til for at ein brann skal blusse opp og komme ut av kontroll, seier direktør Cecilie Daae i DSB.

Komfyrvakt kan redde liv. Fleirtalet av komfyrbrannane oppstår på dagtid og råkar eldre menneske. Men dei fleste dødsbrannar oppstår om natta og råkar unge menneske som er påverka av alkohol.

For å unngå brannfare er det lurt å kjøpe komfyrvakt. Dersom sensoren i komfyrvakta oppdagar at det er fare for brann, vil den utløse ein alarm. Dersom



ingen reagerer på alarmer, vil straumen til komfyren bli slått av.

Påbode i nye bustader. Komfyrvakt er påbode i alle nye bustader og fritidsbustader. Det same påbodet gjeld dersom du pussar opp og legg opp ny kurs til kjøkkenet.

Komfyrvakt kostar frå 3500 kroner og finst i to variantar. Komfyrvakt som skal pluggast i stikkkontakten, kan du montere sjølv. Desse kan du kjøpe på nettet, til dømes hos forsikringselskapa.

Talet på komfyrbrannar i 2016

AV TOTALT 3183 brannar i private heimar var 1344 brannar eller tilløp til brannar på komfyren. Her er byane med flest komfyrbrannar:

- 1 Oslo: 393
- 2 Bergen: 100
- 3 Trondheim: 92
- 4 Drammen: 30
- 5 Stavanger: 28
- 6 Bærum: 27
- 7 Kristiansand: 21
- 8 Tønsberg: 17
- 9 Fredrikstad: 15
- 10 Sandnes 15

KJELDE: DSB

Nokre forsikringselskapa gir deg rabatt på forsikringspremien dersom du har installert ei FG-godkjend komfyrvakt. For særleg utsette personar kan hjelpemiddelsentralane installere komfyrvakt gratis.

TEKST: EIRIK OMVIK
KJELDE: DSB



Dette kan du krevje ved straumbrott

Du kan ha krav på økonomisk kompensasjon dersom eit straumbrott varer meir enn 12 timar.

DU FÅR IKKJE automatisk erstatning og må sjølv krevje inn pengar frå nettselskapet ditt. Dersom årsaka til forseinkinga eller mangelen kjem av grunnar som er utanfor kontrollen til selskapet, er dei fritekne for erstatningsansvar.

Desse satsane gjeld:

- **kr 600** for avbrott over **12 timar** og til og med **24 timar**
- **kr 1400** for avbrott over **24 timar** og til og med **48 timar**
- **kr 2700** for avbrott over **48 timar** og til og med **72 timar**

For avbrott utover 72 timar blir det gitt eit tillegg på kr 1300 for kvar ny påbegynt 24-timarsperiode avbrottet varer.

Innan rimeleg tid. Kravet må fremjast innan rimeleg tid etter at normal forsyning vart gjenoppretta. For fritidsbustader kan eit samla årleg krav ikkje vere høgare enn forventa innbetalt nettleige for inneverande år.

Dersom du ikkje blir einig med nettselskapet ditt, kan du ta kontakt med Elklagenemnda.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: SHUTTERSTOCK.COM



Elektrisk arbeid:

Dette kan du gjere sjølv

Du har lov til å utføre mindre elektriske arbeid sjølv. Meir kompliserte oppgåver må du overlate til elektrikaren.

Desse arbeida har du lov til å utføre sjølv:

- Skifte deksel på brytarar, stikkontaktar og koplingsboksar
- Montere og skifte varmeomnar dersom dei har rørleg leidning og støypsel
- Kople til eller skifte to-pola skøytekontaktar til og med 25 A, med og utan jording
- Kople til eller skifte to-pola skøytekontaktar og apparatkontaktar til og med 16 A, med og utan jording
- Kople til og reparere bordlampar, lampettar og liknande med rørlege leidningar, også leidningsbrytarar
- Kople til eller skifte ut lampar som heng i tak-krok eller liknande, og er kopla til med kroneklemme eller plugg/



stikkontakt. Lampene kan ikkje vere ein del av ein fast installasjon

Arbeid som ikkje står på denne lista, må du overlate til fagfolk.

Rør ikke varmekablane. Det er berre fagfolk som har lov til å leggje, montere eller kople til fastmonterte varmekablar.

Unngå forsikringssmell. Arbeid som ikkje er fagleg godt utført, kan gi varmgang, som igjen kan medføre brann. Dersom forsikringsselskapet kan bevise at arbeidet er utførte av ikkje-faglærte, risikerer du avkorta erstatning.

TEKST: EIRIK OMVIK
KJELDE: DSB

Få betalt for energiltak

Du kan spare både pengar og miljø dersom du utfører energisparetiltak heime.

VED HJELP AV Enova-tilskottet kan du få pengestøtte til å gjennomføre energiltak i primærbustaden din. Ordninga byggjer på at alle har krav på å få betalt.

Det finst i alt 15 energiltak som du kan få støtte til. Dette er tiltaka det er flest som gjennomfører:

- **Varmepumpe væske-til-vatn:** 25 prosent, inntil 40 000 kroner avhengig av type.

- **Varmepumpe luft-til-vatn:** 25 prosent, inntil 10 000 kroner
- **Ettermontering balansert ventilasjon:** 25 prosent, inntil 10 000 kroner.
- **Utfasing av oljefyr og oljetank:** 25 prosent, inntil 10 000 kroner.
- **Varslingssystem:** 20 prosent, inntil 4 000 kroner.

Fullstendig oversikt og utfyllende informasjon finn du på www.enova.no

KONKURRANSE

Test kunnskapane dine etter at du har lese Vår Energi



1 Kor lang er angrefristen ved kjøp av straumabonnement?

Svar: A: 30 dagar B: 3 dagar C: 14 dagar

2 Kan eit straumselskap som ringjer deg for å selje straum, ha eit samarbeid med det lokale selskapet ditt?

Svar: A: Nei, det er villeiande marknadsføring å kalle det eit «samarbeid» B: Ja, dei deler inntektene seg imellom C: Ja, men det gjeld alle selskap

3 Når skal alle husstandar i Noreg ha fått automatisk straummålar?

Svar: A: Innan utgangen av 2018 B: Innan utgangen av 2017 C: Innan utgangen av 2020

4 Kor mykje skal det investerast i straumnettet fram mot 2025?

Svar: A: 140 milliardar B: 90 milliardar C: 200 milliardar

5 Kor mange abonnement for fibernett finst det i Noreg?

Svar: A: 735 000 B: 900 000 C: 520 000

Send løysing på konkurransen innan 20. august 2017 til:

Vår Energi, Postboks 1182 Sentrum, 0107 OSLO

Merk konvolutten «konkurranse 1-17»

Vi trekkjer ein vinnar som får ein dab-radio!

Navn:


Adresse:

Postnr/-sted:

Vi gratulerer vinnaren av ein dab-radio
i Vår Energi nr 2 i 2016:

Ellen Welde Dybvik,
7980 TERRÅK

ENERGI-KRYSS



			BREGNE	DYR		NY	MOR-GEN-VEKKER	UT-MATTET	FREM-BRINGE
				NAB.		OSEAN			RYDDE
			OL-BY	TRE			FØLE		
			TRE	FLER-ÅRIG			STONE		
					SAGA-KONGE				LIKE
					BAR				
			BRUK HODET			KONGE			
			HAVØRN			ORDNER			
			STORM-SVALER		SOLGUD		PRON.		
					HJEM-REISEN		MELODI		
			DUM-RIANER						RAD
							VENER		
			HVIS	FOR-BARM-DEG!	SVENSK-ADELS-SLEKT	OPUS	SOR-TI	RET-NING	
						FRA-ASIA	SPIONER		
								AUGUS-TUS-HUSTRU	
									GUD-INNE
			HEN-RYKT						
						FISKE-RED-SKAP	PLANTE-INNLYS-SENDE		BINDE-MIDDEL
			OM-ORDNE					MOB-BING	VELBE-SLÅTT
								TALL	
			TØRRE-MIDDEL			LEVE-UVIRK-SOMT			
					EN LADY	TALL	PRIN-SESSE		TRAVEL-TID
						DRET-TER			DANS
			FARGE		SJØDYR		KOMM. I AKERS-HUS	BIDRA!	GRUNN-STOFF
								TRAFIKK-ÅRE	
			MÅLE-ENHET	ODDE		SIDE	ALV	VÆRE VITNE TIL	
						TAK	SLAG	GUD	
			VAND-RER	UKOKT					
				GLISER		NORSK ELV		FÅ SEG TIL	ROM. TALL
								UTROP	

Send løysing på premiekryssordet innan 20. august 2017 til:

Vår Energi, Postboks 1182 Sentrum, 0107 OSLO

Merk konvoluttet «kryssord 1-17»

Vi trekkjer ein vinnar som får ein dab-radio!

Navn:

Adresse:

Postnr/-sted:

Riktig løysing frå nr 2-16:

**SAMARBEID MELLOM EVERK
KAN GI FORDELER**

Vi gratulerer vinnaren av ein dab-radio
i Vår Energi nr 2 i 2016:

Trygve Moland,
8540 BALLANGEN

Returadresse:

Energi Forlag AS
Christian Krohgs gate 16
Postboks 1182 Sentrum
NO-0107 OSLO

«Nye» Nokia gjer det mange meiner dei burde ha gjort tidlegare, å bruke operativsystemet Android.

Nokia 3310 er tilbake

Nokia-merket er tatt over av tidlegare tilsette og skal nok ein gong leggje Europa for sine føter.

I **MAI 2016** kjøpte selskapet HMD Global opp retten til å marknadsføre mobiltelefonar med Nokia-logo fram til 2024. Selskapet er basert i Finland med hovudsakleg tidlegare Nokia-tilsette.

«Nye» Nokia gjer det mange meiner dei burde ha gjort før det gjekk gale sist – nemleg å bruke operativsystemet Android.

– Endeleg kan vi bruke Android, største systemet i verda for smarttelefonar. Vi skal bruke Android på ein rein måte for rask respons, og vi skal halde alle telefonar oppdaterte med nye versjonar raskare enn konkurrentane, sa produsentsjef Juho Sarvinen på ein pressekonferanse.

I tillegg skal telefonane følgje tradisjonane frå skandinavisk design.

– Vi synest ikkje at god design skal vere unikt for toppmodellar. Vi skal lage pene og solide telefonar i alle prisklasser, seier Sarvinen.

Nokia kjem med fire nye telefonar i andre kvartal i år. Dei seier dei skal lage dei kamera på marknaden som er mest vare for lys. Men utover dette har dei ikkje gitt så mange detaljar om kamera på dei nye telefonane.

TEKST: **MAGNUS EIDEM**

FOTO: **MAGNUS EIDEM**

Nokia 6

Nokia 6 er den største telefonen Nokia lanserte nyleg. Skjermen er på 5,5 tommar med full HD-oppløysing og ligg saumlaust mot kanten av telefonen. Telefonen har oppgradert forsterkar og kan spele av lyd med Dolby Atmos surround.

Rettleiande pris blir **229 euro**, eit godt stykke under toppmodellane til dei fleste produsentane.

Nokia 5

Nokia 5 har litt mindre formfaktor enn Nokia 6, men følgjer elles det same saumlause uttrykket. Skjermen er på 5,2 tommar. Kabinettet er av heilstøyt aluminium.

Telefonen kjem med ei heilt ny antenneløysing med antenner både på topp og i botn av kabinettet. Det gir ei bakside heilt utan brott. Nokia 5 vil komme i fem ulike fargar.

Rettleiande pris blir **189 euro**.

Nokia 3

Den minste smarttelefonen. Sjølv om prisen er låg, har telefonen framleis det same aluminiumskabinettet og det same designuttrykket. Skjermen er på 5 tommar. Frontkameraet er på 8 megapikslar med vid vinkel.

Rettleiande pris er **139 euro**.

Relanserer 3310

Nokia har også bestemt seg for å relansere den mest selde telefonen sin gjennom tidene: Nokia 3310. Her er det ikkje snakk om nokon smarttelefon, men ein telefon med 22 timar taletid og ein måned standbytid. Nye 3310 kjem med den same ikoniske ringelyden som den gamle versjonen i tillegg til det klassiske spelet Snake. Alle telefonar blir tilgjengelege i andre kvartal i år i heile verda.